

Kvartalsrapport 2012

1. kvartal

KVARTALSRAPPORT 1. KVARTAL 2012

Kvartalsrekneskapen er sett opp etter reglane i rekneskapslova av 1998 og forskrift om årsrekneskap i bankar. Utlånsforskrifta av 2004 er nytta i samband med vurdering av utlån og garantiar.

Kvartalsrekneskapen er ikkje revidert.

Resultatrekneskapen

Pr. 1. kvartal i 2012 har Tysnes Sparebank eit resultat etter skatt på 0,685 mill eller 0,29% av gjennomsnittleg forvaltningskapital. Samanlikna med same periode i 2011 er dette ein resultatnedgang på 0,508 mill.

Rentemarginen er 4,822 mill og utgjør 2,02% av gjennomsnittleg forvaltningskapital. Same tal for 2011 var 5,175 og 2,26%. Ein forventar låg rentemargin vidare både som fylgje av lågt rentenivå og konkurransetilhøva på utlåns- og innskotssida..

Netto provisjonsinntekter og andre driftsinntekter syner ein auke på 0,049 mill samanlikna med same periode i 2011 medan samla kostnader ekskl. tap på utlån syner ein auke på 0,346 mill. Kostnadsauken skuldast hovudsakleg ekstrakostnader i samband med eit engasjement der banken har sett det som naudsynt å gå til sak for om mulig å få utbetalt forsikringssum. Totale driftskostnader i perioden utgjør 82,7% av sum driftsinntekter mot 72,8% for same periode i fjor.

Tap på utlån er bokført med 0,037 mill så langt i år mot (0,005) mill i fjor. Banken har ikkje hatt tap på garantiar. Banken sin kredittrisikoprofil skal vera lav/moderat.

Brutto misleghaldne engasjement (90 dagar og eldre) er redusert med 0,116 mill til 9,262 mill sidan årsskiftet. Etter reglane er då heile kundens engasjement rapportert sjølv om berre ein mindre del av det er misleghalde. Brutto tapsutsette ikkje misleghaldne

engasjement er i same perioden auka med 0,106 mill til 5,001 mill..

Individuelle nedskrivningar er redusert med 0,100 mill og gruppenedskrivningar er auka med 0,060 mill sidan årsskiftet. I same tidsrom er det inntektsført 0,097 mill som renteinntekt på lån med individuell nedskrivning.

Skatt på ordinært resultat pr. 31/3 2012 er berekna til 0,266 mill.

Balansen

Forvaltningskapitalen i Tysnes Sparebank er 961,417 mill pr. 31/3 2012. Dette er ein auke på 32,440 mill samanlikna med same periode i 2011 og ein nedgang på 14,444 mill sidan 31/12 2011.

Netto utlån til kundar er auka med 6,523 mill sidan årsskiftet medan innskot frå kundar er redusert med 11,455 mill.

Obligasjonsbeholdninga, som i si heilhet er definert som anleggsmidlar, er redusert med 0,195 mill. sidan årsskiftet.

Ledige likvide midlar er plassert som innskot i andre bankar.

Eigenkapital

Banken har ein eigenkapital på 89,950 mill medrekna resultat for perioden. Dette gjev ein eigenkapitalprosent på 9,35.

Kapitaldekning

Frå og med 2008 gjeld nye reglar for kapitaldekning i samsvar med Basel II. Minstekrav til dekning herunder er 8%. Tysnes Sparebank har pr. 31/3 2012 ei kapitaldekning på 16,18% ekskl. resultat i perioden.

Tysnes, 25. april 2012
i styret for Tysnes Sparebank


Lief Magne Hovland
leiar


Bente Raknes
nestleiar


Vidar Høviskeland


Merete Flakke


Agnetha Brekke


Britt Ersvør


Siri Berggreen
banksjef

Resultatrekneskap

Beløp i heile tusen			% av gj.sn.forvaltningskapital			
31.03.2012	31.03.2011	31.12.2011		31.03.2012	31.03.2011	31.12.2011
10.387	9.662	40.634	Renteinntekter og liknande inntekter	4,36	4,23	4,27
5.565	4.487	19.908	Rentekostnader og liknande kostnader	2,34	1,96	2,09
4.822	5.175	20.726	Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter	2,02	2,26	2,18
44	33	417	Utbytte og andre inntekter av verdipapir med variabel avkastning	0,02	0,01	0,04
1.083	1.175	5.198	Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester	0,45	0,51	0,55
290	401	1.607	Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester	0,12	0,18	0,17
21	11	111	Netto verdiendring og vinst(+)/tap(-) på valuta og verdipapir	0,01	0,00	0,01
35	26	102	Andre driftsinntekter	0,01	0,01	0,01
893	844	4.221	Netto andre driftsinntekter	0,37	0,37	0,44
5.715	6.019	24.947	Sum driftsinntekter	2,40	2,63	2,62
3.082	2.948	11.515	Løn og generelle administrasjonskostnader	1,29	1,29	1,21
225	225	900	Avskrivningar m.v. av varige driftsmidlar	0,09	0,10	0,09
1.420	1.208	3.939	Andre driftskostnader	0,60	0,53	0,41
4.727	4.381	16.354	Sum driftskostnader	1,98	1,92	1,72
988	1.638	8.593	Resultat av ordinær drift før tap	0,41	0,72	0,90
37	(5)	2.201	Tap på utlån, garantiar m.v.	0,02	(0,00)	0,23
-	-	(42)	Vinst/tap på verdipapir som er anleggsmidlar	-	-	(0,00)
951	1.643	6.434	Resultat av ordinær drift før skatt	0,40	0,72	0,68
266	450	1.966	Skatt på ordinært resultat	0,11	0,20	0,21
685	1.193	4.468	Resultat av ordinær drift etter skatt	0,29	0,52	0,47

Balanse

	Beløp i heile tusen		
Eignelutar	31.03.2012	31.03.2011	31.12.2011
Kontantar og krav på sentralbankar	52.474	37.687	57.311
Utlån til og krav på kredittinstitusjonar	5.394	5.068	23.240
Brutto utlån til og krav på kundar	856.867	833.107	850.384
- Nedskrivningar på utlån	11.795	9.735	11.835
Netto utlån til og krav på kundar	845.072	823.372	838.549
Sertifikat, obligasjonar og andre renteberande verdipapir	30.489	36.202	30.684
Aksjar, partar og grunnfondsbevis	7.760	6.926	7.760
Immaterielle eigneluter	28	-	28
Varige driftsmidlar	12.371	13.271	12.596
Andre eigneluter	1.197	14	18
Forskotsbetalingar og opptente inntekter	6.632	6.437	5.675
Sum eigneluter	961.417	928.977	975.861
Gjeld og egenkapital			
Gjeld til kredittinstitusjonar	82.591	114.487	90.000
Innskott frå og gjeld til kundar	777.390	719.030	788.845
Anna gjeld	4.244	2.887	5.193
Påkomne kostnader og mottekne ikkje opptente inntekter	6.321	5.365	1.637
Avsetjing for påløpte kostnader og forpliktelsar	921	1.020	921
Sum gjeld	871.467	842.789	886.596
Opptent egenkapital	89.265	84.995	89.265
Udisponert overskot	685	1.193	
Sum egenkapital	89.950	86.188	89.265
Sum gjeld og egenkapital	961.417	928.977	975.861
Postar utanom balansen			
Garantiar	20.417	21.881	21.402
Bokført verdi av eigneluter stilt som sikkerhet for pantegjeld o l	30.448	36.152	30.643

Kvartalsvis resultat

Beløp i heile tusen

	1.kvartal 2012	4.kvartal 2011	3.kvartal 2011	2.kvartal 2011	1.kvartal 2011
Renteinntekter og liknande inntekter	10.387	10.701	10.445	9.826	9.662
Rentekostnader og liknande kostnader	5.565	5.591	5.290	4.540	4.487
Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter	4.822	5.110	5.155	5.286	5.175
Utbytte og andre inntekter av verdipapir med variabel avkastning	44	-	-	384	33
Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester	1.083	1.416	1.412	1.195	1.175
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester	290	408	421	377	401
Netto verdiendring og vinst(+)/tap(-) på valuta og verdipapir	21	34	50	16	11
Andre driftsinntekter	35	23	28	25	26
Netto andre driftsinntekter	893	1.065	1.069	1.243	844
Sum driftsinntekter	5.715	6.175	6.224	6.529	6.019
Løn og generelle administrasjonskostnader	3.082	3.482	2.672	2.413	2.948
Avskrivningar m.v. av varige driftsmidlar	225	225	225	225	225
Andre driftskostnader	1.420	794	974	963	1.208
Sum driftskostnader	4.727	4.501	3.871	3.601	4.381
Resultat av ordinær drift før tap	988	1.674	2.353	2.928	1.638
Tap på utlån, garantiar m.v.	37	1.591	591	24	(5)
Vinst/tap på verdipapir som er anleggsmidlar	-	-	(42)	-	-
Resultat av ordinær drift før skatt	951	83	1.804	2.904	1.643
Skatt på ordinært resultat	266	286	505	725	450
Resultat av ordinær drift etter skatt	685	(203)	1.299	2.179	1.193

Noteopplysningar

Beløp i heile tusen

Tapskostnad	31.03.2012	31.03.2011	31.12.2011
Periodens endring i individuelle nedskrivningar	(100)	-	5.400
Periodens endring i nedskrivning av grupper av utlån	60	-	(3.300)
Periodens konstaterte tap på lån med tidlegare nedskrivning	100	-	100
Periodens konstaterte tap på lån utan tidlegare nedskrivning	1	-	101
Periodens inngang på tidlegare perioders konstaterte tap	(24)	(5)	(100)
Periodens tapskostnader	37	(5)	2.201
Herav periodens tap på garantiar	-	-	-
Endring i individuelle nedskrivningar			
Individuelle nedskrivningar pr. 01.01	7.835	2.435	2.435
Periodens konstaterte tap på utlån som tidlegare er nedskrivne	(100)	-	(100)
Auke i nedskrivningar	-	-	-
Nye nedskrivningar	-	-	5.500
Tilbakeførte nedskrivningar	-	-	-
Individuelle nedskrivningar ved utgangen av perioden	7.735	2.435	7.835
Herav spesifisert tapsavsetjing garantiansvar	-	-	-
Endring i gruppenedskrivningar			
Gruppenedskrivningar pr. 01.01	4.000	7.300	7.300
Endring i perioden	60	-	(3.300)
Gruppenedskrivningar ved utgangen av perioden	4.060	7.300	4.000
Herav uspesifiserte tapsavsetjingar garantiansvar	-	-	-
Misleghald			
Brutto misleghaldne engasjement (over 90 dagar)	9.262	575	9.378
Individuelle nedskrivningar	(5.400)	(100)	(5.500)
Netto misleghaldne engasjement	3.862	475	3.878
Tapsette, ikkje misleghaldne engasjement	5.001	5.019	4.895
Individuelle nedskrivningar	(2.335)	(2.335)	(2.335)
Netto tapsette, ikkje misleghaldne engasjement	2.666	2.684	2.560
Kapitaldekning			
Berekningsgrunnlag kapitaldekning	533.113	507.362	538.184
Netto ansvarleg kapital	86.258	82.354	86.258
Kjernekapital	86.258	82.354	86.258
Kapitaldekning i prosent (eksklusive periodens resultat i perioderekneskapen)	16,18 %	16,23 %	16,03 %